

US 33/10 Utdanningsutvalet – mandat og samansetjing

ePhortesak: 2010/799
Møtedag: 25. mars 2010

Saksansvarlig: Kristofer Henrichsen
Informasjonsansvarlig: Kristofer Henrichsen

Sak gjeld:

Mandatet for Utdanningsutvalet har nå vore gjeldande i meir enn fem år. Gjennom denne perioden har det vorte gjort erfaringar som nå tilseier at det bør gjerast ein revisjon av mandatet.

Etter at Universitetet i Stavanger vart etablert var det i nokre år stor vekt på utvidinga av studieporteføljen, med mange nyetableringar av studietilbod. Difor var Utdanningsutvalet sitt arbeid i desse åra sterkt prega av dei mange sakene knytt til godkjenning av nye studieplanar. Utdanningsutvalet si rolle i denne perioden kan i stor grad beskrivast som eit reint fagleg godkjennings- og kontrollorgan.

Utdanningsutvalet har i fleire samanhengar diskutert si eiga rolle ved UiS. Det har også frå andre hald vorte uttrykt ynskje om at utvalet også skal ha ei tydelegare rolle som rådgjevingsorgan for styret i saker som har med studieprogram, programportefølje og studiekvalitet å gjera.

Dei viktigaste endringane gjeld:

- klargjering av utvalet sin rådgjevande funksjon
- ei opprydding av utvalet si rolle i høve til universitetet sitt regelverk
- utvalet si rolle i internasjonaliseringsarbeidet

I framlegget til revidert mandat er nå Utdanningsutvalet sine oppgåver samla under desse tre områda:

I. Utvikling

II. Studieprogramarbeid

III. Kvalitet

Når det gjeld samansetjing av utvalet vert det gjort framlegg om at prodekanane for undervisning vert faste medlemmer i utvalet. Endringa av samansetjinga gjeld neste valperiode, frå studieåret 2011-2012.

Inntil endring i neste valperiode møter prodekanane for undervisning med talerett i Utdanningsutvalet.

Framlegg til vedtak:

- a) Styret for Universitetet i Stavanger vedtek framlegget til revidert mandat for Utdanningsutvalet.
- b) Styret for Universitetet i Stavanger vedtek ny samansetjing for Utdanningsutvalet. Den nye samansetjinga vert gjort gjeldande frå neste valperiode.
- c) Prodekanane for undervisning møter med talerett i Utdanningsutvalet fram til neste valperiode.

Stavanger, 15.03.2010

Per Ramvi
universitetsdirektør

Saksutgreiing: US 33/10 Utdanningsutvalet – mandat og samansetjing

1. BAKGRUNN

Mandatet for Utdanningsutvalet har nå vore gjeldande i meir enn fem år. Gjennom denne perioden har det vorte gjort erfaringar som nå tilseier at det bør gjerast ein revisjon av mandatet.

Etter at Universitetet i Stavanger vart etablert var det i nokre år stor vekt på utvidinga av studieporteføljen, med mange nyetableringar av studietilbod. Difor var Utdanningsutvalet sitt arbeid i desse åra sterkt prega av dei mange sakene knytta til godkjenning av nye studieplanar. Utdanningsutvalet si rolle i denne perioden kan i stor grad beskrivast som eit reint fagleg godkjennings- og kontrollorgan.

Sidan 2008 har det skjedd ei forsiktig konsolidering av studietilboda ved institusjonen. Hausten 2008 hadde UU berre ei fastsetjings sak (TN) og to omstruktureringssaker frå dei andre fakulteta. Hausten 2009 var det igjen ein auke i etableringssaker og omstruktureringssaker, med tre nye bachelorgrader og fire nye mastergrader samt lektorprogrammet ved HUM.

Utdanningsutvalet har i fleire samanhengar diskutert si eiga rolle ved UiS. Det har også frå andre hald vorte uttrykt ynskje om at utvalet også skal ha ei tydelegare rolle som rådgjevingsorgan for styret i saker som har med studieprogram, programportefølje og studiekvalitet å gjera.

Saka har vore handsama i Utdanningsutvalet 2. september 2009 og 27. januar 2010. Utvalet gjorde slikt vedtak i sak 04/10:

Vedtak: Utdanningsutvalet tilrår at styret vedtek framlegget til revidert mandat med dei endringane som kom fram i møtet.

2. OM MANDATET

Universitetsdirektøren legg nå fram eit forslag til revidert mandat for Utdanningsutvalet. I den nye teksten er utvalet si rolle som rådgjevande organ for styret og institusjonen lyft fram og gjort tydelegare. Dette er i samsvar med tilrådingar frå utvalet då saka var oppe til diskusjon i septemberrødet. I framlegget har universitetsdirektøren forsøkt å tydeleggjera kva oppgåver og ansvar utvalet skal ha utan å vera fokusert på enkeltsaker. Slike saker vil vera regulerte av ulike retningslinjer som utvalet vil ha mandat og mulighet til å vera med og utforma. Eit døme her er retningslinjer for studieprogramarbeid.

Strategi

I større grad er norske utdanningsinstitusjonar ein del av internasjonal, og serleg då europeisk utdanningspolitikk og -strategi. Eit aktuelt døme på dette er fastsetjinga av det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket for høgare utdanning. Difor er det viktig at Utdanningsutvalet er orientert om dei viktigaste utviklingstrekk i internasjonal og nasjonal utdanningspolitikk. Universitetsdirektøren vil leggja opp til at slike saker får større plass i utvalet sine møte enn tidlegare. I framlegget til årshjul for utvalet sitt arbeid er det fyrste møtet i vårsemesteret sett av til å diskutera utdanningsstrategiske saker, i dette også sak om studieportefølje på grunnlag av fakulteta sine søknader om utgreiingsløyve.

I samband med revisjonen av Retningslinjer for studieprogramarbeid var det viktig å laga tenlege rutiner for arbeidet med studieporteføljen. Det er styret som gjer endeleg vedtak i etablerings- og nedleggjingssaker av studier med eit omfang ut over 60 studiepoeng, men det er viktig at slike vedtak er i samsvar med institusjonen sin strategi og fakulteta sine handlingsplanar, og at dei økonomiske konsekvensane av vedtaket er vurdert. Her vil Utdanningsutvalet ha ei viktig rolle som rådgivande organ gjennom den årlege syklusen med studieporteføljen.

Forskrifter

Nokre punkt i utvalet sitt nåverande mandat kan overlappa med forskrifter fastsett av styret, i serleg grad eksamensforskrifta. Det er i framlegget til revidert mandat gjort ei grenseoppgang på desse punkta, med tanke på at utvalet bør ha ein rådgjevande funksjon for styret i forskriftssaker.

Utdanningsutvalet si rolle i kvalitetsarbeidet

Utvalet har fått seg tillagt omfattande oppgåver i kvalitetsarbeidet. Det årlege arbeidet med rapport og tiltaksplanar har vore skjøtta vel i utvalet, medan andre oppgåver, som rapportering om total kvalitet og system,

deltaking i ymse NOKUT-evalueringar osb av ymse grunnar har vore lågare prioritert. Det er gjort ein gjennomgang av mandatet med tanke på prioritering av oppgåver og klargjering av kva rolle det er viktigast at utvalet spelar i kvalitetsarbeidet.

Internasjonalisering

Ei arbeidsgruppe ved UiS har lagt fram ei innstilling om den internasjonale verksemda ved institusjonen. Eitt av framlegga frå gruppa er at Utdanningsutvalet får ei klårare rolle i internasjonaliseringa av utdanningsverksemda. Framlegget til revidert mandat gjer utvalet rådvelde til å vedta og fylgja opp reglar og rutinar for internasjonalisering av utdanningsverksemda, samt ein rådgjevande funksjon.

Konkret om mandatet

Gjeldande mandat har fem hovudoppgåver som Utdanningsutvalet skal arbeida med. Det kan stillast spørsmål om hovudpunkta representerer utvalet sine viktigaste arbeidsområde og synleggjer utvalet sitt arbeid for omverda på ein god måte. I framlegget til revidert mandat er nå utdanningsutvalet sine oppgåver samla under desse tre områda:

I. Utvikling

II. Studieprogramarbeid

III. Kvalitet

I tillegg er det teke med eit fjerde punkt om samansetjing.

3. SAMANSETJING

Utdanningsutvalet har pr i dag fylgjande samansetjing:

Prorektor (leiar)

3 representantar for det vitskaplege personalet

1 representant for det teknisk-administrative personalet

1 representant for universitetsbiblioteket

3 studentrepresentantar

Universitetsdirektøren gjer nå framlegg om at utvalet får ei samansetjing som i større grad samsvarar med linjeleiinga i organisasjonen, samtidig som representasjonen frå det vitskaplege og administrative personalet vert ivareteken. Universitetsdirektøren føreslår difor fylgjande samansetjing for Utdanningsutvalet, med verknad frå neste valperiode:

Prorektor (leiar)

3 prodekanar for undervisning

2 representantar for det vitskaplege personalet

1 representant for det teknisk-administrative personalet

1 representant for universitetsbiblioteket

3 studentrepresentantar

Inntil endring i neste valperiode møter prodekanane for undervisning med talerett i Utdanningsutvalet.

Leiar for Enhet for studentservice (Fres-Ess) møter med talerett med verknad frå neste møte i Utdanningsutvalet.

Utdanningsutvalet føreslår at vara for studentrepresentantane bør ha rekkefylgjerepresentasjon.

4. UNIVERSITETSDIREKTØREN SI VURDERING

Ei gjennomgang og revidering av Utdanningsutvalet sitt mandat må vera forankra i institusjonen sin eigen strategi. I fylgje Universitetet i Stavanger sitt strategidokument skal universitetet "tilby forskningsbasert utdanning av høy internasjonal kvalitet med et læringsutbytte som møter studentenes, arbeidsmarkedets og samfunnets behov for livslang læring" (Strategidokumentet s. 5). UiS står overfor store utfordringar i å nå det målet som institusjonen sjølv har sett seg. Styret, leiinga og fagmiljøa har behov for eit organ som kan hjelpa til og bidra med å nå dette og andre mål og oppgåver som ein slik institusjon har.

Universitetsdirektøren ser framlegget til nytt mandat og samansetjing for Utdanningsutvalet som eit viktig steg for å styrka arbeidet mot dei måla som universitetet har sett seg, og i å ivareta det oppdraget som er gitt institusjonen frå sentrale styresmakter.

Framlegg til vedtak:

- a) Styret for Universitetet i Stavanger vedtek framlegget til revidert mandat for Utdanningsutvalet.
- b) Styret for Universitetet i Stavanger vedtek ny samansetjing for Utdanningsutvalet. Den nye samansetjinga vert gjort gjeldande frå neste valperiode.
- c) Prodekanane for undervisning møter med talerett i Utdanningsutvalet fram til neste valperiode.

Stavanger, 15.03.2010

Per Ramvi
universitetsdirektør

Kristofer Henrichsen
utdanningsdirektør

Sakshandsamar: rådgjevar Eilef J. Gard, UA

Trykt vedlegg:

1. Framlegg til revidert mandat og samansetjing for Utdanningsutvalet
2. Gjeldande mandat og samansetjing for Utdanningsutvalet